Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Jolenissen

Oppskr. av: A. Skåsheim

(adresse): Balestrand.

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Balestrand

Bygdelag: Strondi

Gard: Skåsheim

G.nr. 5 Br.nr. 1 —

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Jolenissen har vore kjend i dei siste 40 år (umlag) for arbeidet med å bera fram jolegåvor. — Dei tok til å nytta bekke maska fyrst i 1890 åri — i heimane. Dei nemnde det "Julebukk" — men han bar då ikkje fram gåvor. Han gjekk då berre for gaman — og skremde ungane.

Jolenissane som Bergslien hadde teikna, var dei fyrste som vart kjende. Etterpå tok forretningar jolenissen uppå som reklame.

2. Der dei har jolenisse ber han fram alle gåvone. Han krøyer huslyden til seg for ikkje noko for arbeidet.

3. Jolenissen kan vera kvinna — eller mann. Dei reknar ikkje so mykje på

5605

2

kor store dei er – men dei må vera kvikke, tungerappe og gløgge.
4. Dei bur seg ut som dei hev klede til – men hev alltid maska – med eller utan skjegg. –
5. Dei kjøper maska – og lagar ofte det andre av nisselimaden sjølve.
6. Jolebukk er lite brukt etter at jolenissen vart so mykje kjend.
7. Jolebukkar gjeng mest for gaman. Dei ber ikkje fram jolegåvor. –
8. Jolenissen vekkjer mange tankar. Men noko fast samband med den gamle tuftekallen (gardvorden) er det ikkje –, heller ikkje med jolegrauten.
9. At gåvor kom til huset på undarlege målar kjenner me i kultresegner – men ikkje um jolegåvor. –

A. Skåsheim

5605

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING